

Kjære Hanne Tyrmi, godtfolk,
det er ei stor ære for meg å få åpne denne utstillinga!
Heile Kunstnerenes Hus er fylt av utstillinga *Hester dør stående*.
Dører skal snart åpne seg,
hjarte og draumen kan kanskje også vise seg
bak det som ser avstengt ut.

Dette er på alle måtar ei stor utstilling som handlar om verda, den verkelege,
frå norsk skog til brasiliansk favela, sør-afrikanske township og røri Berlin.

Og det er ei utstilling som: Opnar opp det som **skjuler seg bak forhenga**
og det vi til vanleg ikkje ser, det mørkaste – som kanskje er hemmelig og skambelagt. Verka
tolkar livet **så ærlig og sterkt at det tar tak og VRIR SEG** også i oss som går inn og ser,
- i alle fall gjorde det det med meg.

Noko av det første som møter oss øverst i trappa er noken trugande blokker som kanskje berre
ventar på å rase ut, det heiter også Ras (avalanche).
Det trugande raset er jo noko vi kjenner frå nyheitene,
og det er noko mange vestlendingar veit ein del om.

(Under bergfallet)

Du bur under bergfall.
Og du veit det.
Men du sår din åker
og trør trygt ditt tun
og lèt dine born leika
og legg deg
som inkje var.

Det hender,
når du stør deg til ljåen
ein sumarkveld,
at augo sviv som snarast
yver bergsida
der dei segjer

sprekken
skal vera,
og det hender
du vert liggjande vaken
og lyda etter
steinsprang
ei natt.

Og kjem raset,
kjem det ikkje uventa.
Men du tek til å rydja
den grønne boti
under berget
– **um** du då **har** livet.

Det var Olav H Hauge.

Denne gongen har Hanne Tyrmi
valt å arbeide nesten berre i bly. Bly er giftig og vi forbind det med noko tungt,
blytungt som vi seier.
Her er det bearbeidd sånn at det av og til framstår som florlett, og som noko leikande lett.

De får sjå sjølve og ta inn og tolke dei ulike kunstverka.
Kunstnaren har gitt oss god hjelp med dei ofte litt gåtefulle titlane:

Det handlar om sår og sårbarheit,
og om det utsette livet. Såra kroppar, liv som renn ut, hengt opp til utstilling,
nesten som votivgåver i kyrkjer.

Men også nokon trøystande som - *ti råd for å slutte å gråte*.

Det inneheld også ei flammande advarsel mot korleis vi har stilt oss her på kloden,
som i form av eit svart tøyestykke og ein spiss gjenstand: *mene tekel* heiter det.

Og det er eit uttrykk henta frå Daniels bok i Den hebraiske bibelen (Det gamle testamentet).
(kap 5,5 og 24-30)

Orda skal under eit gjestebud, ha bli skreve på veggen av ei usynleg hand
og tolka som eit varsel om det babylonske rikets snarlige fall. Skrifta på veggen, kanskje du
minnes Rembrants *mene tekel* i National Gallery London?

I alt det mørke og tilsynelatande tunge, ser eg også teikn på håp,
som heilt på den eine enden av den eine salen: mjuk kvit filt , montert opp som ein utgang. Vi
blir ført til Den første snøen, ein kvileplass

Slik kan vi jo godt tolke utstillinga som eit forløp, stasjon for stasjon, og mot noko
som gjer at at ein kan falle til ro, som vatnpyttar etter rør og kaos.

Takk til deg Hanne, for ditt *mot* til å vise viktige sider av
alt det som ofte er taust og avstengt, og for livstolking.
Det gjer at dører kan opne seg og kanskje også hjarter.

Og då kjem det eg har kome for å seie:

HERVED ERKLÆRER EG UTSTILLINGA HESTER DØR STÅENDE
FOR OPNA!